

Møteinkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtestad: Telefonmøte

Dato: 17.02.2014

Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 947 89 126 eller 948 80 564.
Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Vi manglar framleis endeleg godkjent øvingsplan for Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps, men kan gje ei førebels orientering om saka.
Behandling må truleg skje i AU, etter at vi har fått ein uttale frå tilsynsualet i Lom.

For å kople seg til telefonmøtet gjer de følgjande:

1. Ring 800 88 860
2. Etter informasjon tastar de koden: 605747 og avslutte med #

Med helsing

Kari Sveen
nasjonalparkforvaltar

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST	Referatsaker		
ST	Delegerete vedtak Justering av tidspunkt for oppstart av kvisting frå Fondsbu - delegert vedtak		2013/1014
ST	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014 - Omlegging av sti nord for Russvatnet for ny kryssing av Tjønnholåe - DNT Oslo og Omegn		2014/622
ST	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Stikking av vinterløype Memurubu - Leirvassbu - Leirvassbu Fjellstue og Memurubu Turisthytte		2011/5058
ST	Jotunheimen som pilot for implementering av besøksforvaltning i norske nasjonalparkar		2014/712
ST	Eventuelt		

ST 15/2014 Referatsaker

ST 16/2014 Delegerete vedtak

**2/2014 Justering av tidspunkt for oppstart av kvisting frå Fondsbu - delegert vedtak
2013/1014**

Arkivsaksnr: 2014/622-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 22.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	17/2014	17.02.2014

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014 - Omlegging av sti
nord for Russvatnet for ny kryssing av Tjønnholåe - DNT Oslo og
Omegn****Forvaltar si innstilling**

DNT Oslo og Omegn får med heimel i Naturmangfaldlova § 48 løyve til riving av eksisterande hengebru over Tjønnholåe og løyve til oppføring av klopper over småelvene ca 500 meter nedanfor eksisterande brustad. Det blir samstundes gjeve løyve til omlegging av ruta på den aktuelle strekninga, for tilpassing til nytt kryssingspunkt langs strandsonen nord for Russvatnet. Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008). Tiltaket gjeld omlegging av ei eksisterande fotturrute, og vil i seg sjølv ikkje medføre ekstra trafikk innan verneområdet. Tilrettelegginga er vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Riving og nyanlegg i same området blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet. Landskapsmessig vil kloppene gje liten innverknad på landskapet.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Arbeidet med opparbeiding av stigen skal følgje retningslinjene i merkehandboka til DNT.
- Merkinga på dagens stig skal fjernast. Det er viktig med god merking der den nye stigen tek av frå dagens trase slik at fotturistar berre nyttar ein stig.
- Tiltakshavar må ha ein gjennomføringsplan som sikrar at samla transport og øvrig miljøbelastning blir redusert til eit minimum. Alle restar etter den gamle bruva skal demonterast og fraktast ut i samband med sluttføring av den nye passeringssløysinga med klopper. Om mogleg bør transporten samordnast med transport knytt til omlegging av kryssinga over Blåtjønnåe.

Det blir samtidig gjeve løyve til nødvendig motorferdsel for transport som følgjer av tiltaket (materialar inn og uttransport av rivingsmaterialar). Tidspunkt for transport og opplysning om kjøretrasé skal varslast SNO v/ Rigmor Solem – mob. 959 65 158 – seinast dagen før gjennomføring

Det er ein føresetnad at også grunneigar gjev løyve.


Saksopplysningar

Eksisterande bru over Tjønnholåe nord for Russvatnet vart teken av is/steinmasser i vårløysinga i 2013. Brua ligg på ruta mellom Glitterheim og Gjendesheim, nord for Russvatnet. Det har vore fleire ulike bruløysingar på staden, som alle etter tur har bukka under for naturkreftene. DNT Oslo og Omegn har på grunnlag av dette lagt fram eit forslag til alternativ kryssing av Tjønnholåe, i samarbeid med verten på Glitterheim Turisthytte:

«Foreslått løsning er passering av elveleiet helt nede ved Russvatnet der det er en etablert sti. Elva har spredd seg ut i mange mindre løp, og lar seg forsere med litt tilrettelegging med enkle klopper. Fra stranden på Russvatnet og opp til stien ved det eksisterende brustedet er det også stedvis etablert sti som tenkes utnyttet. - - - Oppsummert går tiltaket ut på å fjerne eksisterende brukkonstruksjoner, merke delvis etablert sti på øst og sørside av deltaet, samt legge ut klopper over småelvene nede ved Russvatnet.» (merknad: Ny stig er på vestsida)

Vedlagt bilet 161.jpg er av den gamle bruplassen. Biletet 155 viser området mot Russvatnet, der ny stig vil gå lengst nede der elva har delt seg i fleire små elvefar.

Sjå kartutsnittet med markering av forslaget til ruteomlegging.



Vurdering

Verneforskrift, vedteken og sett i kraft i 1980, sist endra ved FOR-2004-11-16-1493:

Forskriftas § 3 pkt. 1 *Landskapet* seier at «*Landskapet skal vere verna mot tekniske inngrep av alle slag, herunder veg- og jernbanebygging, bergverksdrift, massetak, vassdragsregulering, framføring av luftleidningar, taubaner, heisar, flyplassar o.l. og mot oppføring, utviding eller ombygging av bygningar og anlegg av alle slag.*» Pkt. 1.3 opnar for at forvaltningsstyretemakta kan gje løyve til enkelte nærmere definerte tiltak, m.a.:

"1.3.2. Merking av ei rimeleg mengd turistruter og -løyper og oppsetjing av vegvisarar når det skjer på ein måte som ikkje verkar skjemmande eller dominande i terrenget."

Byggverk som bruer/klopper er ein naturleg del av stignettet, men desse tiltaka må etter den gjeldande forskriften behandles etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 (*Unnatak i særskilde høve*), som nå er avløyst av Naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsplan, forslag oversendt direktoratet for godkjenning i 2008:

Området ligg i brukssone, og forvaltningsplanen seier m.a. dette om denne kategorien:

- «*Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.*»
- **«Overordna strategi for sona:**
Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). Auke i overnattingskapasiteten ved hyttene vil bli vurdert i høve til verknaden på

naturmiljøet og som følgje av auke over lang tid. Det skal ikkje skje ytterlegare tilrettelegging for ferdsel til dei sentrale delane av brukssona.»

- «*Vedlikehald av eksisterande stiar med merking, skilt, bruer og liknande er tillate (framlegg verneforskrift § 3.1.2b NP, § 3.1.2c LVO). Fylkesmannen kan gi løyve til merking av nye stiar, skilt, vegvisarpilar og bygging av bruer (framlegg verneforskrift § 3.1.3 NP og § 3.1.3 LVO)»*
- «*Bruer over elver langs T-merkte stiar er eit viktig tilretteleggings- og tryggleikstiltak. Pga meir ekstremt ver dei seinare åra har ein til tider større vassføring enn før. Friluftsliv i fjellet har dessutan tiltrekt seg nye brukargrupper som har mindre ferdigheter i å krysse elvar.»*
- **«Retningslinjer:**
Tilrettelegging for ferdsel skal ta strenge omsyn til naturverdiane. Merking av fotturruter skal følgje Merkeinstruksen (utarbeidd av DN og DNT). Vegvisarar skal vere nøkterne og lagast i naturmateriale. Det skal takast omsyn til fauna og flora ved merking av stiar. Bruer vil få løyve langs T-merkte stiar der dette er naudsynt. Bruer skal vere i diskret material- og fargeval og med ei utforming som gjer at dei går best mogleg inn i terrenget. Den som har løyve til merking og/eller oppsetting av bruer m.m., har også ansvar for tilsyn og vedlikehald av tiltaket.»

Vurdering

Formålet med vernet av Jotunheimen er m.a. er å ta vare på eit stort samanhengande og villmarksprega naturområde kor ein skal kunne utøve eit naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. Merking av stigar med tilhøyrande bruer/klopper legg til rette for slikt friluftsliv.

Tiltaket vert vurdert å vera i tråd med forslag til forvaltningsplan (2008), som opnar for tilrettelegging for ferdsel gjennom merking av stigar, og opning for å gje løyve til bygging av nye bruer «*langs T-merkte stiar der dette er naudsynt*». I dette tilfellet gjeld det utskifting av eksisterande installasjon, og den alternative løysinga for kryssing av Tjønnholåe blir ikkje vurdert å vera meir skjemmande i landskapet enn dagens bru som er planlagt fjerna.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

Det er ikkje kjent viktige hekkelokalitetar eller annan sårbar fauna i området som kan bli påverka av omlegginga. Verknad på geologi, landskap og flora vil ikkje endre seg vesentleg (§ 8 i naturmangfaldlova). Området ligg i tilknyting til etablerte fotturruter.

Tiltaket omfattar omlegging av eksisterande stig, og det vil neppe verta andre effektar på verneverdiane enn ved dagens bruk av traseen litt høgare oppe i lia. Føre-var-prinsippet etter § 9 i naturmangfaldlova synest såleis ikkje relevant i denne saka.

Materialar til kloppene er planlagt utkjørt på vinterføre med snøscooter. Merking av omlagt stig og klopplegging er planlagt utført for hand. Dette er vurdert som enklaste og minst belastande utføring – jf. § 12 i naturmangfaldlova om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Det er ein føresetnad at transport av byggevarer og utkjøring av rivingsmaterialar blir planlagt godt for å unngå unødig motorferdsel i verneområdet.

§ 11 om at kostnader ved miljøforringing skal dekkast av tiltakshavar vert ikkje vurdert som relevant i denne saka.

§ 10 i naturmangfaldlova om økosystemtilnærming og samla belastning synest vera godt ivareteke. For at dagens stig opp mot den gamle brua skal forsvinne raskast mogleg, er det viktig at merkinga på dagens stig vert fjerna og at den nye vert merka godt, særleg der omlegginga vidare vestover langs vatnet startar. Tiltaket gjeld omlegging av ein eksisterande stig, og vil i seg sjølv ikkje medføre ekstra trafikk innan verneområdet.

Konklusjon:

Fjerning av eksisterande bru og omlegging av stigen vil ikkje medføre negative konsekvensar for naturmangfaldet eller for landskapet. Det er ein føresetnad at tiltakshavar har ein gjennomføringsplan som sikrar at motorisert transport innan verneområdet i samband med utfrukting av utrangert bru blir redusert til eit minimum. Transporten av bruker som blir fjerna må i størst mogleg grad samordnast.

Søknaden skal også behandlast av kommunen, som forvaltningstyresmakt etter plan- og bygningslova og motorferdsellova. Det er vidare ein føresetnad at grunneigar gjev samtykke.

Representant for Nasjonalparkforvaltninga, SNO, Vågå fjellstyre og Vågå kommune bør inviterast med på synfaringa.



161



155

Arkivsaksnr: 2011/5058-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 29.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	18/2014	17.02.2014

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - Stikking av vinterløype Memurubu - Leirvassbu - Leirvassbu Fjellstue og Memurubu Turisthytte

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta pkt. 1.3.2. og 5.3.2 blir det opna for kvisting av skiløype mellom Memurubu og Leirvassbu i samband med påskesesongen, på følgjande vilkår:

- Ordninga gjeld tilrettelegging av skiløype for påskesesongen, for perioden 2014-2016. Kvistinga kan starte inntil 2 veker før påske, for å ha tid til rekognosering for skredfarevurdering og kvisting av traséen i god tid før palmesøndag.
- Til kvistinga skal det nyttast kvist frå norske lauvtre. Bambuskvit eller merke av kunstmateriale er det ikkje høve til å nytte.
- SNO v/ Rigmor Solem (mob. 959 65 158) / fjelloppsynet skal varslast seinast dagen før kjøring med snøscooter, og det må varslast kven som skal stå for kvistearbeidet. Det er positivt at lokalt hjelpekorps vert involvert i arbeidet.
- Dersom det blir gjort registreringar som tilseier at ferdsl i området kan medføre skader eller ulemper for naturmiljøet, kan Nasjonalparkstyret ta saka opp til ny vurdering. Dette vil i så fall skje i nær dialog med tiltakshavarane.

Det er ein føresetnad at tilrettelegginga blir gjort etter konkret vurdering av skredfare ut ifrå til kvar tid gjeldande snøforhold. Utfordringa her er først og fremst tryggleiken i området, men dette ligg utanom nasjonalparkstyret sitt ansvarsområde, og må såleis byggje på tiltakshavar si generelle vurdering av tryggleik ved ferdsl i vinterfjellet.

Saksopplysningar

Dokument i saka

1. Søknad av 24.01.2014 fra Memurubu og Leirvassbu turisthytter om vidareføring av løyve til vinterstikking
2. Sak 7/2013 i Arbeidsutvalet for Jotunheimen og Utladalen Nasjonalparkstyre, med tilhøyrande bakgrunnsdokument.

Arbeidsutvalet for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre gjorde i sak 7/2013 vedtak om løyve til motorferdsel og kvisting av skiløype mellom Memurubu og Leirvassbu som ei prøveordning for påska 2013, med evaluering før ein evt. opnar for tilsvarende merking komande år. Det vart sett som føresetnad at tilrettelegginga blir gjort etter konkret vurdering av skredfare ut ifrå til kvar tid gjeldande snøforhold. Det vart peika på at utfordinga først og fremst var knytt til tryggleiken ved ferdsel i området, men at dette ligg utanom nasjonalparkstyret sitt ansvarsområde, og såleis må byggje på tiltakshavar si generelle vurdering av tryggleik ved ferdsel i vinterfjellet.

På vegne av Memurubu og Leirvassbu turisthytter har Christian Sulheim ved e-post 24.01.14 lagt fram følgjande søknad om vidareføring av ordning med stikka vinterløype:

"Vi viser til prøveordninga som vart gjennomført i fjor. Den vart vellukka på alle vis. Skredekspert Albert Lunde vurderte tilhøva og var med på stikkinga som vart gjennomført av tiltakshavarane. Det vart sett opp vegvisarar på eit par stader. Løypa vart nytta av mange, og det vanka mange godord om trygginga som vart opplevd ved tilrettelegginga, og natur -opplevelingane som vart dei til del. Nærare rapport er tidlegare oversendt.

Nå søker vi om vidareføring av ordninga for 2014 og framover.

Sist år tilrådde nasjonalparkstyret at lokalt hjelpekorset vert involvert i stikkinga. Etter samtale med Kari Sveen i dag ringte eg Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorset v/ Tosten Nordal og la fram saka. Han uttalte at dei gjerne tek ansvar for stikking og ev. vurdering av tilhøva saman med kompetente folk på området.

Under føresetnad om eit positivt svar på førespurndaden vår om løyve til å vidareføra ordninga med kvistinga av vinterløypa mellom Memurubu og Leirvassbu, er vi derfor innstilte på å fylgja tilrådinga om samarbeid med hjelpekorset om stikking m.m. Noko vi ser på som svært positivt."

Vurdering

Nasjonalparkstyret skal vurdere søknaden i høve til verneforskrift og forvaltningsplan.

Verneforskrift

Forvaltningsstyremakta kan i medhald av pkt.1.3.2 gje løyve til:

Merking av ei rimeleg mengd turistruter og -løyper og oppsetjing av vegvisarar når det skjer på ein måte som ikkje verkar skjemmande eller dominerande i terrenget.

Vidare kan det gjevast løyve til motorferdsel i samband med:

5.3.3. *Køyring for utføring av sikringstiltak, t.d. merking av løyper.*

Forvaltningsplan

Utdrag av retningsliner i utkast til forvaltningsplan: "Det er ikkje ønskjeleg å ha kvista skiløyper spreidd over heile området. Nokre område bør vere utan slik tilrettelegging på grunn av den opplevingsverdien urørte område gjev. Ein hovudregel bør vere at dei kvista skiløypene i hovudsak skal følgje sommarrutene, men med tillempingar m.o.t. tryggleiken". - - -

«Då bruken av snøskuter til kvisting av løyper har eit stort omfang, skal varslingsrutinane og kontakten mellom oppdragsgjevarar, dei som utfører dette arbeidet og forvalningsstyresmakta vere god. Som hovudregel skal kvisting kombinerast med anna oppsyns- eller tilsynsarbeid i nasjonalparken. Samordning av fleire oppgåver gjev totalt sett mindre motorferdsel. Det er viktig å involvere dei lokale hjelpekorpsmannskapa i arbeidet med kvisting. Dette vil bidra til å auke lokalkjennskapen til redningsmannskapa i hjelpekorpsa og gjere at det er mindre behov for kjentmannskøyring.»

Det vert vist til vurderingar gjort i sak AU-7/2013, og til erfaringane frå påska 2013.

Etter prinsippa DNT følgjer ved stikking av vinterløyper blir det m.a. lagt til grunn at rutene ikkje skal leggjast slik at skituristane kan bli leia inn i farleg område dersom kvistane vert borte. Tidsavgrensing vil vera naturleg, da det er eit usikkert område med varierande grad av skredfare avhengig av snøforholda. Det er nær uråd å gardere seg mot skredhendingar etter alle skiløyper i eit område som Jotunheimen. Sjølv på tradisjonelle nyttar trasear kan det enkelte år oppstå forhold som gjer at skredfare *kan* oppstå, så ein må heile tida vise til den generelle aktsemada som kvar enkelt må følgje ved ferdsel i høgfjellet under varierande vær- og føreforhold.

Etter synfaring i mars 2012 gav fjelloppsynet slik tilbakemelding til daverande sekretariat: «*Vedlagt sender eg bilde av den omsøkte vinterruta frå Memurudalen til Storådalen over Hinnåtetjernet. Bilda er tekne av oppstigninga frå Hinnåtetjernet til ryggen mot Semmelholet, som er den "farlege" strekninga av ruta. Albert Lunde var med meg og tok målingar av helningsgraden. Vi vurderte det som sikkert for skred dersom ruta vert lagt som innteikna på bilda. Problemets vil vera at turgåarane ganske sikkert vil avvike frå ruta og nokså lett kunne kjøre inn i rasfarleg område. På ryggen var det snøberrt ei lita strekning. Snøen var avblåst, for til vanleg er det så vidt samanhangande snøføre her.*»

Eitt av bileta omtala i teksten over er vist her:



Det kan vera vanskeleg å sikre at stikkinga vil følgje den eksakte tilrådinga, og heilt uråd å hindre at skituristane tek snarvegar eller går ut av den tilrådde traseen og kjem over i mindre sikkert område. Dei som renner nedover vil også ofte velja si eiga løype, dersom den markerte løypa er isete/sporete, eller dersom ein ser artigare alternativ.

Det er ikkje innan ansvarsområdet for nasjonalparkforvaltninga å vurdere tryggleiken av alle løypetrasear som er godkjent i medhald av verneforskrift og forvaltningsplan, til kvar tid med varierande snø- og føreforhold. Ein prøver likevel å ha med dette aspektet som ein del av vurderinga så langt som praktisk råd. Traseen synest liggje slik at den krev vurdering i høve til skredfare heilt opp mot tidspunkt for tilrettelegging. Eit eventuelt løyve til stikking bør såleis gjevast med vilkår om kontinuerleg vurdering av skredfare og ansvar for stenging eller åtvaring mot å bruke traseen dersom snøforholda endrar seg vesentleg i løpet av sesongen.

Samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld naturmangfald (§ 8) er gjeve gjennom bakgrunnsdokument til forvaltningsplan og erfaringsbasert kunnskap samla av fjelloppsyn og forvaltning over fleire år. Tilsynsutvalet for Jotunheimen i Lom hadde ikkje innvendingar knytt til innverknad på naturverdiar eller andre brukarinteresser. Det er ingen kjente sårbare lokalitetar som blir negativt påverka av avgrensa ferdsel på vinterføre i dette området, men ein ser behov for ei meir omfattande sårbarheitsanalyse for kartlegging av kva effektar ferdsel kan ha i høve til hekkelokalitetar for rovfugl og andre sårbare lokalitetar.
- Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men avgrensa ferdsel over eit kort tidsrom i mars/april vert ikkje vurdert å gje negative konsekvensar. Påverknaden vil i hovudsak gjelde støy i eit avgrensa tidsrom. Trafikken set ingen varige spor, og kjem ikkje direkte inn på registrerte yngle-/hekkelokalitetar for sårbare artar. Tilrettelegging for ferdsel vil leie fleire inn i området, og kan medføre forstyrring ut over det merka løypeområdet.
- Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning" skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Tiltaket er sterkt avgrensa i tid og rom, og må sjåast i samanheng med at Jotunheimen er ein brukspark med stor friluftslivsaktivitet. Ein kan derfor sjå behov for ei merking når ein registrerer at skituristane uansett vil ta seg fram etter denne ruta. Den samla belastninga av motorferdsel i denne delen av nasjonalparken ligg på eit lågt nivå, og forvaltningsstyresmakta har høve til å avgrense omfanget av kvista løyper til eit nivå med akseptabel samla belastning. Eit samarbeid med lokalt hjelpekorps kan bidra til størst mogleg grad av samordning for å redusere total motorferdsel til eit minimum.
- § 11 om at «kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver» er ikkje relevant.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Kvisting utan bruk av snøscooter er lite realistisk, og vert vurdert som uaktuelt.

Det er etter ei samla vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 ikkje avdekt kjente forhold knytt til verneverdiar som talar mot stikking av vinterløype frå Storådalen over Hinnonetjønn og ned til Memurubu, slik Memurubu og Leirvassbu Turisthytter har søkt om.

Ein manglar framleis tilfredsstillande dokumentasjon og sårbarheitsvurdering når det gjeld ferdsel i område der ein har t.d. hekking av sårbare rovfuglartar. I samband med utvikling av besøksstrategien for Jotunheimen vil ein arbeide for eit betre kunnskapsgrunnlag på dette området. Dersom ny kunnskap tilseier at området bør skjermast, må ein ta atterhald om at saka må kunne takast om til ny vurdering.

Når det gjeld tryggleiken må det vera ein føresetnad at tiltakshavarane etablerer tett dialog med skredkyndige for å vurdere skredfare i området når påska nærmar seg. Traseen må stikkast slik at ein ikkje kjem for langt ut til sidene frå leia som er vist på biletet (det er på biletet frå synfaring 23.03.12 antyda eit svingmønster der ein kan ta stigninga utan å koma for langt ut mot nokon av sidene). Ein legg til grunn at bedriftene følgjer opp med informasjon til gjester om den generelle aktsemada som kvar enkelt må følgje ved ferdsel i høgfjellet.

Det blir understreka at Nasjonalparkstyret si myndigkeit er avgrensa til forhold heimla i verneforskrifta. Tryggleik knytt til tilrettelegginga må vurderast ut ifrå generelle krav til aktsemd, og er eit forhold som ligg utanom verneområdestyret si kompetanse og myndigkeit.

Arkivsaksnr: 2014/712-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 05.02.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	19/2014	17.02.2014

Jotunheimen som pilot for implementering av besøksforvaltning i norske nasjonalparkar

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vurderer besøksforvaltning som eit framtidsretta verkty for å løyse forvaltningsutfordringar i Jotunheimen nasjonalpark, og søker om deltaking i Miljødirektoratet sitt pilotprosjekt.

Styret er innstilt på å prioritere ressursar til dette arbeidet i perioden 2014 – 2017.

Som første nasjonalpark med eigen besøksstrategi meiner vi at Jotunheimen peikar seg ut som ein svært aktuell kandidat, da vi allereie har denne som eit verdifullt grunnlag for å vise resultat innan pilotperioden. Jotunheimen ein typisk brukspark med omfattande reiselivsverksemd i og rundt parken. Nasjonalparkstyret ser moglegheiter for å leggje til rette for ei meir aktiv forvaltning for å gje grunnlag for auka verdiskaping, der ein samstundes legg vekt på å ta vare på verneverdiane i eit langsigktig perspektiv. For nærmare dokumentasjon og grunngjeving viser vi til vedlagt notat.

I eit eventuelt møte med Miljødirektoratet for presentasjon av kandidaturet, deltek styreleiar, nasjonalparkforvaltarane, lokal SNO-medarbeidar og ein representant frå Norsk Fjellmuseum – som forvaltningsknutepunkt og autorisert nasjonalparksenter.

Saksopplysningar

Saksdokument

1. Brev av 23.01.2014 frå Miljødirektoratet - *Piloter for implementering av besøksforvaltning i Norges nasjonalparker*
2. Prosessbeskrivelse – vedlegg til brev av 23.01.14, vedlagt saksframlegget

3. Besøksstrategi for Jotunheimen, vedteken av nasjonalparkstyret i møte 07.11.2012.
4. Prosjektet «Merkevarestrategi og besøksforvaltning for Norges nasjonalparker» - jf. orientering til styret i møte på Fondsbu 26.-27. september.

Miljødirektoratet ønskjer eit meir aktivt arbeid med besøksforvaltning i norske nasjonalparkar, og inviterer til deltaking i eit pilotprosjekt. Det skal etter søknad og presentasjon veljast ut 4 kandidatar, etter opplegg vist i vedlagt skriv.

Om pilotprosjektet skriv Miljødirektoratet m.a. følgjande:

Prosjektet skal utvikle en merkevarestrategi for nasjonalparkene blant annet med formål å fremheve nasjonalparkene i markedsføringen av Norge som reisemål og som grunnlag for bred verdiskaping lokalt. Prosjektet skal også utvikle besøksforvaltning knyttet til nasjonalparkene for å gi gode opplevelser for brukerne, bidra til lokal verdiskaping og for bedre å ivareta naturverdiene.

Det er en nær sammenheng mellom de to delprosjektene ved at besøksforvaltning blant annet skal ivareta konsekvensen av en tydeligere kommunikasjon av nasjonalparkene, og ved at merkevarestrategien skal implementeres i den enkelte nasjonalpark gjennom besøksstrategier.

Prosjektet er et oppdrag fra Klima- og miljødepartementet og er forankret som tiltak i Regjeringens reiselivsstrategi «Destinasjon Norge». Prosjektet har også sin bakgrunn i «Fjellteksten» St. prp. nr. 65 (2002-2003).

Prosjektet har en langsiktig målsetting om å utvikle besøksforvaltning som forvaltningsverktøy i alle Norges nasjonalparker. Hver enkelt nasjonalpark vil ha ulike rammer og behov og skal innføre sin besøksforvaltning deretter. Som start på en langsiktig utvikling skal det gjennomføres tre til fire piloter med innføring av helhetlig besøksforvaltning i nasjonalparker i perioden 2014 til og med 2017. Erfaringer fra pilotene skal kontinuerlig overføres til øvrige nasjonalparker og fra 2018 være modell for en langsiktig implementering i alle Norges nasjonalparker, samt ha overføringsverdi for besøksforvaltning også i andre verneområder.

Vurdering

Eit overordna mål for alle norske verneområde er å ta vare på naturverdiane i området. Dette er stadfesta i verneforskrifta § 2, **Føremålet**:

Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.

Jotunheimen er også ein viktig arena for reiseliv og friluftsliv, og innan parken er fleire turistbedrifter og eit omfattande løypenett for tur og aktivitetar både sommar og vinter.

Ei aktiv besøksforvaltning vil vera eit viktig steg framover frå den tradisjonelle modellen, med verneforskrift og forvaltningsplan som dei sentrale rettesnorene.

Ein forvaltningsplan set i stor grad rammer, eller avgrensingar, for kva som kan tillatast. Ein besøksstrategi signaliserer ei meir aktiv rolle, ved at den også inneholder ein strategi for korleis vi best kan ta imot dei som kjem til nasjonalparken. Besøksstrategien tek opp korleis vi skal formidle ut dei dei reglane som alltid vil ligge i botnen for forvaltninga, men inneholder i tillegg ein aktiv strategi for kva infrastruktur nasjonalparkforvaltninga

kan bidra med for å gje besøkande ei betre oppleving. Med infrastruktur meiner vi her alle former for informasjon (nettseite, skilt, naturrettleiing/kunnskapsformidling, brosjyrar), tiltak for kanalisering av ferdsel, sikringstiltak for å førebyggje skader på naturen og dei som ferdast der og utvikling av nasjonalparken som merkevare.

Merkevarebygginga vil både signalisere verdien av å ta vare på naturen og vera eit kvalitetstempel som også kan nyttast av andre i samband med marknadsføring av området som reiselivsmål og buplass.

Miljødirektoratet legg vekt på å få med «*Nasjonalparker med høyt besøkstrykk, etablert reiselivsinfrastruktur og hvor bruk er en viktig del av verneformålet*», og Jotunheimen oppfyller svært godt desse kriteria. Besøkstrykker er i svært stor grad konsentrert om Galdhøpiggen og Besseggen, og aktiv besøksforvaltning er lettare å utvikle innan slike definerte område enn der besøksstrømmen kjem frå svært mange ulike innfartsårer. Det blir vidare lagt vekt på høg gjennomføringsevne og gode samarbeidsforhold, og også på dette område har Jotunheimen dei nødvendige føresetnadene på plass.

Jotunheimen peikar seg derfor ut som ein naturleg kandidat for deltaking i eit slik pilotprosjekt.

Merkevarestrategi og besøksforvaltning for Norges nasjonalparker

Presentasjon av Jotunheimen som kandidat til pilotprosjekt for implementering av besøksforvaltning i norske nasjonalparkar

1. Forvaltningsutfordringar som skal løysast gjennom besøksforvaltning

Utvikling av besøksforvaltninga for Jotunheimen skal ta utgangspunkt i desse fire forvaltningsmåla:

- Ta vare på verneverdiane
- Auke oppslutninga om nasjonalparkforvaltninga og verneverdiane
- Best mogleg oppleving for dei som vitjar parken
- Størst mogleg lokal verdiskaping

Vi ønskjer å lage meir tydelege grenser, og gjennom dette definere og leggje fokus på verneverdiane. Med tydelegare grenser meiner vi ikkje barrierar, men ei synleggjering av statusen til fjellområdet som nasjonalpark. Besøkande skal inviterast – og samtidig bevisstgjera om at dei nå kjem til ein av juvelane i norsk natur. Da kan det også bli ei større oppleving, eit reisemål, å koma innanfor.

I forvaltningsplanen for Jotunheimen og Utladalen er verneområdet delt inn i forvaltingssoner; vernesoner, brukssoner og soner med spesiell tilrettelegging og inngrep. Nokre av vernesonene har dei seinare åra blitt pressa ved at arrangement og aktørar på utsida av verneområde legg til rette for ein auka bruk av vernesonene. Dette kan både påverke verneverdiane negativt og auke kravet om tilrettelegging inne i verneområdet. Eit meir målretta og oppsøkande informasjonsarbeid vil kunne skape meir omsynsfull bruk av vernesonene og vise gode alternativ utanom dei sårbare områda.

Vi ønskjer å satse meir på haldningsskapande arbeid, i første rekke retta mot barn og unge. Som eit ledd i dette arbeidet vil vi i samarbeid med vertskommunane prøve å etablere «Barnas Naturoppsyn» som eit skuleprosjekt, der eit fast klassetrinn får eit formidlingsopplegg med besøk i nasjonalparken. Dette er eitt av fleire faste opplegg for skuleklassar rundt verneområdet. Målet for desse er auka kunnskapen om verneområdet og forsterke den lokale forankringa og identiteten.

Nasjonalparkforvaltninga har vore involvert i vertskapskurs som vert arrangert av Lom kommune i samarbeid med reiselivsnæringa, for å gjera tilsette i reiselivsbedrifter og andre servicenæringer til gode ambassadørar for området generelt og nasjonalparkane spesielt. Vi får her informert om nasjonalparken som attraksjon og grunnlag for verdiskaping, samtidig som ein får formidla krav som må stillast for å ta vare på verneverdiane. Dette er arbeid som vi ser for oss at bør utviklast til å omfatte alle kommunane rundt parken. Nasjonalparkforvaltninga for Jotunheimen har også vore inkludert i utdanningsstigen til nye tindevegleiarar i regi av Nortind.

Haldningsskapande arbeid og marknadsføring av moglegheter til bruk og verdiskaping innan rammer sett i verneforskrift og forvaltningsplan, vil vera basis for vidare utvikling av besøksforvaltninga i Jotunheimen.

2. Eksisterande og planlagde planar, prosjekt og tiltak relatert til besøksforvaltning

Besøksstrategien for Jotunheimen, som vart godkjend av nasjonalparkstyret 07.11.2012, byggjer på verneforskrift, forvaltningsplan og brukarundersøkingar. Vi ser behov for ein forenkla revisjon av forvaltningsplanen som var til høyring i 2007, da det i tida som har gått til sentral godkjenning av planen, har skjedd såpass omfattande endringar i rammer for forvaltninga at det er behov for ei fagleg oppdatering i tråd med ny forvaltningsordning. Dette må gjennomførast så snart revisjonen av verneforskrifta frå 1980 er fullført av Miljøverndepartementet.

Gjeldande besøksstrategi, som vart vedteken av nasjonalparkstyret i november 2012, framhevar m.a. følgjande tilretteleggingstiltak basert på brukarundersøkingar:

- Opplev Jotunheimen på ein time
- Opplev Jotunheimen på ein dag

Nasjonalparkstyret godkjende ei treårig tiltaksplan for 2014-16, som grunnlag for tiltak i bestillingsdialogen dei komande åra. Denne planen vil vidareutviklast, uansett om Jotunheimen vert vald ut blant pilotane eller ikkje. Av tiltak som allereie er sett i gang er utvikling av naturstig ved Gjende, og tilrettelegging retta mot barn og unge ved innfallsparten Utladalen Naturhus.

3. Eksisterande og planlagt forsking/kunnskap om naturgrunnlag og brukarar

Jotunheimen nasjonalpark vart verna såpass tidleg at vi ikkje har dei omfattande kartleggingane med utførlege rapportar for kvar enkelt brukarinteresse. Vi ser derfor behov for å auke kunnskapsgrunnlaget for betre å kunne forvalte området i tråd med dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Dette arbeidet er allereie i gang, ved at vi har sett av ressursar gjennom prioriteringar i bestillingsdialogen for nærmare kartlegging av enkelte sårbarer artar, som jaktfalk og apollo sommarfugl. Dette må etter kvart utvidast til andre område med sårbare artar og naturtypar. Gjeldande besøksstrategi må utviklast med ein «Sårbarheitsanalyse», m.a. i høve til lokalitetar for hekkande rovfugl. Her har vi allereie eit område med interessekonflikt mellom vern av sårbar rovfuglart og eit ønskje om stigmerking tett inntil hekkelokalitet for kongeørn (Knutshø).

Vi ønskjer også å få ei nærmare vurdering av slitasje/erosjon, med kartlegging av status og vurdering av utvikling og behov for førebyggande tiltak. Det vil kunne gjere tiltak med stignettet meir målretta.

4. Samarbeidsprosjekt mellom nasjonalparkstyret, Statens naturoppsyne og naturinformasjonssenter

Det er god dialog og samarbeid mellom nasjonalparkstyret, Statens Naturoppsyne, autorisert naturinformasjonssenter Norsk Fjellmuseum og Utladalen Naturhus. Nasjonalparkforvaltar deltek i arbeidsgruppe for ny utstilling på Fjellmuseet og vidare utvikling av aktivitetsområde ved Utladalen Naturhus.

I 2013 vart det i samarbeid med SNO og lokale brukarar arrangert slåttehelg i Gjendebu, der vi sette fokus på biologisk mangfold og kulturmarkskjøtsel. Dette er planlagt vidareført i 2014 med eit slåttekurs. Dette kan også gje grunnlag for lokal verdiskaping knytt til natur- og kulturbasert opplevelingsturisme.

5. Samarbeidsprosjekt mellom nasjonalparkstyret og aktørar innen friluftsliv, reiseliv, annan næringsverksemd

Den Norske Turistforening Oslo og Omland er ein svært sentral aktør innan Jotunheimen nasjonalpark. Foreininga har fleire hytter innan og i randsonen til nasjonalparken, og eit svært omfattande rutenett av merka stigar og kvista skiløyper innan verneområdet. Det er god dialog mellom forvaltninga og DNT, og vi har faste årlege kontaktmøte der også lokalt SNO er ein sentral samarbeidspart.

Vi ønskjer også å inkludere dei private turisthyttene/aktørane i eit meir formalisert samarbeid med rom for jamleg erfatingsutveksling, i tillegg til den kontakten vi har i dag knytt til informasjon og behandling av enkeltsøknader frå desse.

Det har vore tilsett naturrettleiar(ar) innan SNO i sommarsesongen dei siste åra, og dette er eit tiltak vi ønskjer å kunne utvide, da vi ser stort behov for kunnskapsformidling og rettleiing til dei mange gjestene som kjem til Jotunheimen. Barn og unge er ei målgruppe, men det er i dette verneområdet også stort innslag av gjester utan førehandskunnskap om sårbar fjellnatur og barskt høgfjellsklima. Tradisjonelt har Jotunheimen vore tilrettelagt for erfarne fjellvandrarar med turar frå hytte til hytte, men vi ser eit aukande behov for tilrettelegging overfor dei som ønskjer ein kortare tur eller ei heilt enkel tilrettelegging der dei så vidt er innom nasjonalparken.

Norsk Fjellmuseum er prosjektleiar for eit nettverk fot fleire aktørar som har si verksemd i eller rundt nasjonalparken. Det er gjeve stønad frå Innovasjon Norge i 2 år nå, for å lage felles marknadsføring for området, og felles informasjon for bedriftene – der målet er å selje kvarandre, etablere felles pakkløysingar osb. Nettverket har gjennomført kompetansehevande tiltak for bedriftene når det gjeld heimesider, pakkekurs og vertskapskurs. Dette er kurs som også andre bedrifter er invitert til.

Alt dette samarbeid som kan utviklast vidare i eit prosjekt for meir aktiv besøksforvaltning.

6. Relevante eksisterande planar og planlagde og prosjekt i næringa og offentlege utviklings-/ verdiskapingsprosjekt

Lom er ein av 5 nasjonalparklandsbyar, som har sitt eige verdiskapingsprosjekt. Koordinator for nasjonalparklandsbyprosjektet har kontor på fjellmuseet, og det ligg såleis godt til rette for samarbeid og utvikling av prosjekta som vart sett i gang i prosjektperioden.

Nasjonalparkkommunane har sin eigen paraplyorganisasjon med sekretariat på Otta (Regionkontoret for Nord-Gudbrandsdalen). Det vil vera interessant å sjå nærmare på korleis vi kan samarbeide med desse om meir aktiv besøksforvaltning.

7. Gjennomføringsevne, ressursar og føresetnader som pilot

Sekretariatet for Jotunheimen og Utladalen består av to forvaltarar. Det er ikkje så veldig mange enkelsaker i Jotunheimen samanlikna med mange andre verneområde, og vi har i tillegg lagt vekt på å rasjonalisere saksbehandlinga ved å ha eit opplegg med fleirårige løyve kombinert med gode rapporteringsrutinar. Dette gjer at vi har kapasitet til å drive noko utviklingsarbeid i tillegg til faste forvaltningsoppgåver.

Utvikling av nettsida for Jotunheimen under www.nasjonalparkstyre.no vil vera ein naturleg del av betre besøksforvaltning. Nasjonalparkforvaltar Magnus Snøtun er ein sentral ressursperson på dette området, og han har tilrettelagt nettside for både Breheimen, Langsua og Jotunheimen, i tillegg til at han har hjelpt andre forvaltarar i arbeidet med nettsider. Når det gjeld Langsua har han lagt til rette for å få på plass opplegget med TurApp knytt til nasjonalparken.

Begge forvaltarane har god kjennskap til lokalt næringsliv, og som særleg relevant kan vi framheve at Kari Sveen har mange års fartstid innan kommunal forvaltning i Lom, med m.a. næringsutvikling innan sitt ansvarsområde, og at Magnus Snøtun kjenner aktivitetsturismen svært godt gjennom sitt tidlegare arbeid som bre- og fjellførar.

8. Dato og stad for møte mellom Miljødirektoratet og kandidaten

Nasjonalparkstyret og forvaltarane ber om forslag på aktuelle datoar. Vi inviterer gjerne til eit møte på Norsk Fjellmuseum, som er informasjonssenter og forvaltningsknutepunkt for Jotunheimen.

Planleggingsfase 2014 og 2015

Tiltak:

1. Besøksstrategi

Vi vil revidere gjeldande besøksstrategi etter mal frå Miljødirektoratet

Vi ønskjer å utvide med spesifikke brukarundersøkingar ved innfallsportane, dersom vi får tilstrekkelege ressursar til intervjuundersøking på eit par utvalde plassar. Dette kan eventuelt vera ei aktuell studentoppgåve for bachelor- eller masterstudentar innan naturbasert reiseliv.

Ulik statistikk frå reiselivsnæringa og Transportøkonomisk Institutt m.fl. vil bli nytta som basisgrunnlag for kunnskap om aktuelle brukargrupper.

Sårbarheitsvurdering er eit nokså lite kapittel i gjeldande strategi, og vil bli utvida. Vi har behov for sårbarheitsanalysar i høve til enkelte sårbare artar og i høve til slitasje/erosjon.

Analysane skal leggjast til grunn for prioriteringar av tiltak innan handlingsdelen av besøksstrategien.

2. Utvikle ein prosjektplan for gjennomføring av tiltak i besøksstrategien.

- prosjektering av eventuelle fysiske tilretteleggingstiltak etter mal frå Miljødirektoratet.
- Systematisk plan for informasjon og samarbeidstiltak med ulike aktørar i og ved parken.
Planen vil involvere SNO, nasjonalparksenteret og Naturhuset, og sjå korleis vi saman kan bidra til betre vern og auka verdiskaping i samarbeid med reiselivet og andre brukargrupper.

Gjennomføringsfase 2016- 2017

Gjennomføre prioriterte tiltak i besøksstrategien.

- Heilskapleg informasjonsstrategi
- Gjennomføre einskapleg skilting ved innfallsportane og innan verneområdet
- Restaurering og førebyggande erosjonstiltak på stignettet
- Naturrettleiring
- Opplevelingstilbod i randsonen og i brukssonene i samarbeid med andre
- Overvaking av villreinen i Vest-Jotunheimen og eventuelle andre utvalde element
- Sårbarheitsanalyse for utvalde tema og lokalitetar
- Plan for medverknad og dialog med arrangement i og rundt parken (døme: High Camp, Til Topps, Besseggløpet, Haute Route Jotunheimen, m.fl.)